



nafO

Nasjonalt senter for fleirkulturell oppl ring

BARN I FLEIRSPR KLEGE FAMILIAR

INFORMASJONSHEFTE

FORORD

Informasjonsheftet omhandlar 10 spørsmål som foreldre ofte stiller om den fleispråklege utviklinga til barna. I tillegg er heftet retta mot tilsette i barnehagar, skular og ved helses-
tasjonar, og det kan brukast som eit utgangspunkt for samtale med foreldra om den fleispråklege utviklinga til barna.

Informasjonsheftet er laga med utgangspunkt i den svenske brosjyren *Två språk eller flera – Råd til flerspråkiga familjer*, utarbeidd av Språkforskningsinstituttet i Rinkeby (<http://modersmal.skolverket.se/>), og er ei revidert utgåve. Heftet er omskrive og tilpassa den situasjonen fleispråklege barn i norske barnehagar og skular er i.

OM FLEISPRÅKLEGHEIT

Dei fleste samfunna i verda er fleispråklege. Det å meistre fleire språk er ein verdifull kompetanse både for det enkelte mennesket og samfunnet. Språk er nært knytt til identitet, sosialisering og kulturelle uttrykk og er derfor ein viktig del av livet til barn og vaksne.

Tospråklegheit fører så mykje positivt med seg at dei fleste familiar der det blir snakka to eller fleire språk, ikkje kan tenkje seg å vere utan dei. Den fleispråklege utviklinga til barna blir styrkt dersom barnehage, skule og storsamfunnet er positivt innstilte til fleispråklegheit.

Fleispråklege familiar er ulike

Familiar kan vere to- eller fleispråklege på mange ulike måtar.

- Ein eller begge foreldra har eit anna morsmål enn norsk.
- Foreldra har ulike morsmål, og barnet får heilt frå starten av høyre to eller fleire språk heime.
- Ein eller begge foreldra har vakse opp i eit land der ein snakkar ulike språk heime og på skulen.

Mange familiar består i tillegg til foreldra av familie og slektningar som har ein aktiv rolle i kvardagen til barna, og som kan gi barnet tilgang til fleire språk.



1 KAN BARN LÆRE FLEIRE SPRÅK SAMTIDIG?

Barn kan lære fleire språk samtidig. I store delar av verda er det vanleg at barn lærer fleire språk frå dei er heilt små. Det er viktig at både heimen, barnehagen og skulen hjelper aktivt til for at barnet skal utvikle fleire språk på eit tilfredsstillande nivå. Det er òg viktig at dei vaksne som barnet har rundt seg, oppmuntrar og støttar barnet i å bli fleispråkleg.

Familiar med minoritetsbakgrunn kan lettare halde kontakt med slekt og vener i andre land dersom dei tek vare på morsmålet sitt. Barna i slike familiar har større moglegheit for å ta del i kulturarven til foreldra dersom dei meistrar det språket foreldra snakkar. Dette styrkjer identiteten og tilhøyringa til barnet.

2 KJEM BARNET TIL Å LÆRE NORSK DERSOM FORELDRA SNAKKAR MORSMÅLET HEIME?

Barn har betre føresetnader for å lære eit andrespråk dersom dei har eit godt utvikla morsmål. Morsmålet og andrespråket kan fungere som støtte for kvarandre. Dersom barnet har lært eit omgrep på morsmålet, for eksempel *gaajaysan* på somalisk, er det lettare å lære seg ordet for det tilsvarande omgrepet, *svolten*, på norsk.

Alle foreldre ønskjer at barna skal gjere det bra på skulen. Derfor vil mange foreldre at barna skal lære norsk tidleg. Det tyder ikkje at foreldra skal slutte å bruke morsmålet når dei snakkar med barnet. Foreldra kan hjelpe barnet med å få tilgang til arenaer der dei kan møte det norske språket. Det vanlegaste er at dette skjer i barnehagen og nærmiljøet eller saman med vener og kjenningar av foreldra.



3 PÅ KVA SPRÅK SKAL FORELDRA SNAKKE MED BARNET DERSOM FORELDRA HAR ULIKE MORSMÅL?

I familiar der mor og far har ulike morsmål, er det tilrådd at begge foreldra snakkar kvart sitt morsmål saman med barnet. Når heile familien er samla, kan ein velje det som kjennest naturleg å bruke; eitt av morsmåla, norsk eller eit anna felles språk. Det viktigaste er at foreldra kan kommunisere med barna sine på det språket foreldra meistarar best. Også i familiar der ein av foreldra er norskspråkleg og den andre har eit anna morsmål, er det bra for barnet dersom foreldra snakkar sitt eige språk. Ofte kan det norske språket bli det dominerande språket i slike familiar. Dersom foreldra ønskjer at barnet skal bli fleispråkleg, er det viktig å gi barnet støtte til å utvikle begge språka.



4 KVA OM BARNET BLANDAR SPRÅKA?

Det er heilt normalt at fleispråklege barn blandar ord frå ulike språk i ei og same setning. Det kan kome av at dei enno ikkje har lært seg å skilje mellom dei ulike språka. Det kan også vere at barnet "låner" ord frå det andre språket dersom dei har behov for det. Barnet bruker dermed den samla språkkompetansen sin.

Det er vanleg at barn vekslar mellom språka når dei snakkar med andre tospråklege personar. Dei utnyttar sjansen til å veksle mellom dei ulike språka dei kan, for å få fram ein nyansje eller ei kjensle, eller for å skape fellesskap mellom personar som snakkar same språk. Mange eittspråklege kan ha vanskeleg for å forstå eller akseptere ei slik veksling mellom språk. Forsking viser at ein må ha høg språkleg bevisstheit for å kunne veksle mellom språka på ein god måte, og at dette er naturleg og funksjonelt i tospråklege samtalar.

Ettersom vi bruker dei ulike språka i ulike samanhengar, er det vanleg at fleispråklege barn meistarar ulike område og situasjonar betre på eitt språk enn på eit anna. Barnet kan for eksempel lettare fortelje om kva som har skjedd i barnehagen, på norsk, men føretrekk å bruke morsmålet når han eller ho skal snakke om ting og situasjonar som har med familien og heimen å gjere. Barnet kan bruke morsmålet i samtale med eldre slektingar og foreldre, men vekslar mellom dei ulike språka når han eller ho snakkar med vener og søsken.



5 KVA KAN GJERAST DERSOM BARNET BERRE SVARER PÅ NORSK HEIME?

Det er ikkje uvanleg at tospråklege barn i visse periodar føretrekk å snakke norsk, sjølv om foreldra prøver å vere konsekvente og snakke morsmålet med dei. Dersom barnet snakkar norsk når foreldra snakkar morsmålet, kan foreldra prøve å hjelpe barnet ved å svare med dei rette orda og uttrykka på morsmålet. Kontakten og kommunikasjonen med barnet er derimot det viktigaste, uansett kva språk ein bruker. Det er viktigare å lytte til kva barn har å seie, enn å vere oppteken av kva språk dei vel å seie det på. Det gjeld å vere tolmogig. Det tek tid for barnet å lære morsmålet i eit miljø der norsk har stor tyngd og ofte høgare status enn morsmålet.

For at barnet skal bli fleispråkleg er det viktig at foreldra held fram med å snakke morsmålet med barnet. Det er fint om det finst andre barn og vaksne i omgivingane som har same morsmål som barnet, slik at språket fyller ein funksjon også utanom familien. Sjølv om barn ikkje aktivt snakkar morsmålet til foreldra, kan dei ofte forstå mykje meir enn dei kan seie. Dette kan leggje eit grunnlag for å lære seg å bruke språket meir aktivt seinare.

6 KVA KAN GJERAST FOR Å STØTTE SPRÅKUTVIKLINGA TIL BARNET PÅ MORSMÅLET?

Tyrkiskspråklege barn i Tyrkia og norskspråklege barn i Noreg lærer seg morsmålet i mange ulike situasjonar og i kontakt med ulike menneske; i familien, saman med slekt og venter, i barnehagen, på skulen, i butikken, ute i gata og på bussen. Heile dagen har barna sjansen til å høyre, snakke og lære morsmålet sitt. Mange barn med minoritetsbakgrunn har dårlegare moglegheiter til å utvikle morsmålet sitt i Noreg. Dei fleste av barna kjem først og fremst til å høyre og bruke morsmålet i heimen. Dette stiller store krav til foreldra, som i lag med barnehagen og skulen må stimulere morsmålsutviklinga til barnet. Vaksne i omgivingane til barnet må sørge for at barnet får snakke morsmålet så mykje som mogleg, både i og utanfor familien.

Mange kommunar har tilbod om opne barnehagar der foreldra er til stades saman med barna. Dit kan ein kome for å treffe andre foreldre og barn til leik, aktivitetar og sosialt lag. I enkelte kommunar tilbyr biblioteket eventyrstundar på ulike språk. Biblioteka har også barne- og ungdomsbøker og lydbøker på fleire språk til utlån. Undersøk i kommunen din kva for moglegheiter som finst. I tillegg kan foreldre, barnehagar og skular bruke Det flerspråklige bibliotek ved Deichmanske bibliotek i Oslo (www.dfb.deichman.no). Der finst det bøker for både barn og vaksne på mange ulike språk. Det lokale biblioteket kan hjelpe deg med å låne bøker derfrå. På nettstaden www.morsmal.no finn ein bøker og lydbøker på ulike språk samt rim, regler, songar og forteljingar på mange språk.



7 KVA KAN GJERAST FOR Å STØTTE SPRÅK-UTVIKLINGA TIL BARNET PÅ NORSK?

Å gå i barnehage gir eit godt utgangspunkt for den norskspråklege utviklinga til fleirspråklege barn. Vidare er det viktig å ha eit godt samarbeid mellom barnehage, helsestasjon, skule og foreldre. Barnehagen og skulen har eit stort ansvar for korleis barna utviklar seg i norsk, men rollen til foreldra er likevel også viktig for den norskspråklege utviklinga til barna. Foreldra kan mellom anna støtte opp om det språkarbeidet som blir gjort i barnehagen og på skulen, sjølv om dei sjølve ikkje snakkar så godt norsk.

For barn i førskulealderen kan barnehagen gi gode og varierte moglegheiter for språkleg utvikling. Når barna blir eldre og går på skulen, kan SFO eller aktivitetsskulen og ulike fritidsinteresser som fotball, kor, dans, kulturskule eller liknande vere fine møteplassar for språkleg og sosial utvikling. Foreldra kan oppmuntre barna til å bli med på desse aktivitetane.

Barnehagen har ansvar for å leggje til rette for språkutviklinga til barnet i barnehagen, i nært samarbeid med foreldra. Barnehagen er gjennom *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* forplikta til å "støtte at barn bruker sitt morsmål og samtidig arbeide aktivt med å fremme barnas norskspråklege kompetanse" (Kunnskapsdepartementet 2011:35). Foreldre kan diskutere med barnehagelæraren kva behov barnet har for språkleg stimulering, om det for eksempel er moglegheit for å ha ein tospråkleg assistent eller tilby andre språkpedagogiske tiltak i barnehagen.

8 KVA KAN VERE GRUNNEN TIL AT BARNET IKKJE SNAKKAR I BARNEHAGEN?

Barn som lærer seg eit nytt språk, held seg til det nye språket på ulike måtar. Enkelte barn begynner å prøve ut ord og setningar på det nye språket med ein gong, mens andre ventar lenge, av og til fleire månader, før dei uttrykkjer seg på det nye språket. Når eit barn begynner i ein barnehage der morsmålet ikkje blir snakka, kan dette vere ein krevjande situasjon for barnet. I denne tida er det spesielt viktig med eit nært og trygt samspel med dei vaksne i barnehagen. Sjølv om barnet ikkje snakkar norsk med barn og vaksne i barnehagen, er det viktig å sjå at barnet kommuniserer på andre måtar, for eksempel ved å peike og bruke mimikk og kroppsspråk. Barnet samlar kunnskap og informasjon om det nye språket heile tida, sjølv om han eller ho ikkje uttrykkjer seg på norsk. Enkelte barn kan av ulike årsaker ha forseinka språkutvikling eller språkvanskar. Då må barnehagen og foreldra samarbeide om korleis dei kan hjelpe barnet, for eksempel ved å få ekstern hjelp til å greie ut språkutviklinga til barnet og gi barnet den hjelpa han eller ho treng både heime og i barnehagen.

Sjølv om barnet ikkje møter andre barn eller vaksne som snakkar morsmålet i barnehagen, er det positivt for den fleirspråklege utviklinga til barnet at morsmålet blir godkjent. Foreldra bør derfor snakke morsmålet med barnet når dei er i barnehagen – når det er naturleg. Tilsette som ikkje har det same morsmålet som barnet, må samtidig vise ei positiv interesse for morsmålet til barnet, for eksempel ved å lære seg nokre ord, songar og regler på morsmålet til barnet. Det er bra for den fleirspråklege utviklinga til barnet at det finst både vaksne og barn i barnehagen som meistrar morsmålet til barnet.



9 BØR BARNET FÅ TOSPRÅKLEG ASSISTANSE I BARNEHAGEN?

En rekke barn har et annet morsmål enn norsk og lærer norsk som andrespråk i barnehagen. Det er viktig at barna blir forstått og får mulighet for å uttrykke seg. Barnehagen må støtte at barn bruker sitt morsmål og samtidig arbeide aktivt med å fremme barnas norskspråklige ferdigheter. (Rammeplanen 2011:35)

Slik støtte av morsmålet til barnet kan skje på mange måtar, uansett om personalet kan morsmålet til barnet eller ikke. Men for mange barn kan det være svært viktig at dei får tospråkleg assistanse i barnehagen. Tospråkleg personale kan bidra til auka tryggleik både for barnet og foreldra og kan fungere som eit bindeledd mellom heimen og barnehagen. Saman med ein vaksen som kjenner morsmålet, kan barnet forstå og sjølv gjere seg forstått i møte med andre barn og vaksne i barnehagen. Barnet får ein verdifull moglegheit til å vidareutvikle morsmålet samtidig som han eller ho får støtte til å utvikle ferdigheiter i det norske språket.

Alle barnehagar som har barn med minoritetsspråkleg bakgrunn, kan søkje kommunen om statlege, øyremerkte midlar gjennom Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i førskulealder. Midlane kan mellom anna brukast til å tilsetje ein tospråkleg assistent som skal bidra til å ta vare på den tospråklege utviklinga til barnet. Les meir om dette i rundskrivet for statstilskot på barnehageområdet: <http://www.udir.no/Barnehage/Regelverk/Rundskriv/2011/Rundskriv-F-01-11-Statstilskudd-pa-barnehage-området1/>

10 NÅR BARNET SKAL BEGYNNE PÅ SKULEN

Overgangen frå barnehage til skule kan vere stor for mange barn – og foreldre. Ein tilrår kommunane å utarbeide eigne samarbeidsrutinar for denne overgangen, og barnehagane skal ha planar for overgang frå barnehage til skule i årsplanen. Dette kan foreldre få informasjon om i barnehagen eller hjå kommunen.

Når det gjeld dei pliktene skulen har overfor minoritetsspråklege barn, er det spesielt opplæringslova § 2-8 ein skal vere merksam på.

§ 2-8. Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Elevar i grunnskolen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar.

Morsmålsopplæringa kan leggjast til annan skole enn den eleven til vanleg går ved.

Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonale, skal kommunen så langt mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadene til elevane.

Kommunen skal kartleggje kva dugleik elevane har i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Slik kartlegging skal også utførast undervegs i opplæringa for elevar som får særskild språkopplæring etter føresegna, som grunnlag for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skolen.

NOKRE ORDFORKLARINGAR

Andrespråk: Språk som barnet lærer naturleg i omgivnadene i tillegg til morsmålet.

Majoritetsspråk: Det språket som majoriteten av folket i landet snakkar. I Noreg er norsk majoritetsspråket.

Minoritetsspråk: Dei språka som blir snakka av delar av folket i landet. I Noreg finst det urspråk som sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk, og nasjonale minoritetsspråk som for eksempel kvensk. I tillegg snakkar delar av folket innvandra minoritetsspråk som polsk, somali, arabisk, tyrkisk, vietnamesisk, tigrinja o.a.

Morsmål: Mange vil seie at morsmålet er det språket du lærer først, det språket du forstår best, eller det språket du identifiserer deg mest med. Enkelte vil også seie at dei har fleire morsmål, og at fleirspråklegheit er morsmålet deira.

Fleirspråklegheit: Blir brukt som samlingsterm for to- eller fleirspråklegheit. Det vil seie at barnet er i ein situasjon der han eller ho meistrar fleire språk enn berre eitt morsmål.

STATLEGE STYRINGSdokument

Barnehagelova

<http://www.lovddata.no/all/nl-20050617-064.html>

Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

<http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/>

Opplæringslova

<http://www.lovddata.no/all/nl-19980717-061.html>

AKTUELLE HEFTER OM FLEIRSPRÅKLEGHET

Gjervan, Marit (red.) 2006:

Temahefte om språklig og kulturell mangfold i barnehagen.
Kunnskapsdepartementet.

Høigård, Anne; Mjør, Ingeborg og Hoel, Trude 2009:

Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen.
Kunnskapsdepartementet.

Mjelve, Astrid Øygarden 2002:

Hør på maken. Tospråklig assistanse i barnehagen.
Barne- og familiedepartementet.

Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) 2010:

Ressurshfte – flerspråklig arbeid i barnehagen.
Kunnskapsdepartementet.

AKTUELLE NETTSTADER

Dei som ønskjer råd og rettleiing om fleirspråkleg opplæring i barnehage eller skule, kan gå inn på heimesida til Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) www.hioa.no/nafo

NAFO driv også nettstaden Tema morsmål www.morsmal.no. Her finst det læringsressursar, bøker, lydbøker, songar og forteljingar på ulike språk, for barnehage og skule.

Utdanningsdirektoratet har nettstader for både skule og barnehage. Der finn ein regelverk, rammeplan, læreplanar og rettleiingar mm. www.udir.no

Foreldretvalget for grunnopplæring (FUG) og Foreldreutvalget for barnehager (FUB) har ein nettressurs for foreldre med barn i skule og barnehage. <http://www.fug.no/> <http://www.fubhg.no/>

Nettstaden Flere språk til flere ved universitetet i Tromsø gir råd og informasjon til fleirspråklege familiar. <http://site.uit.no/flerespraaktiflere/>



Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring

Høgskolen i Oslo og Akershus

Postadresse: Pb. 4 St. Olavs plass, 0130 Oslo

Telefon: +47 22 45 22 82

Faks: +47 22 45 21 05

E-post: nafo@hioa.no

www.hioa.no/nafo